

ENG1005/ENG1006 Engelsk for døve og sterkt tunghøyrde

Elevar og privatistar

## Oppgåve 1A

Sensor kan ikkje vente at eleven har nemnt alle punkta. Punkta kan presenterast som listene under eller som ein samanhengande tekst.

a)

### **Positive:**

He was qualified for the job.

He was able to answer questions.

He did not panic under pressure (coming late).

He was confident and did not feel the need to dress up for the interview.

### **Negative:**

He was late and he did not know where to go.

He mumbled his answers.

He had not researched the workplace (what they do).

He chewed gum during the interview.

He had not bothered to smarten himself up for the interview.

He invited the interviewer out for pizza.

b)

Dette er berre eitt forslag blant mange moglege svar. Teksten bør uansett ha ein uformell tone og trekkje fram korleis Tony opplevde intervjuet.

*The interview was fine! I think I'll get the job. I answered all the questions, and the lady liked my CV. She was good-looking but a bit deaf. I think she fancied me a bit, though, know what I mean? I saw her admiring my muscle tone under my t-shirt. I asked her out for pizza, but luckily she refused. It's not a good idea to mix business and pleasure, is it?*

c)

Janice bruker nokre uformelle ord og uttrykk: *guy, OK, have a clue, a bit, anyway.*

Ho bruker nokre ufullstendige setningar: *Baseball cap on back to front and scruffy jeans and t-shirt. Didn't have a clue...*

Ho bruker nokre samantrekte former: *hadn't, I'd, didn't*

## **Oppgåve 1B**

Det er mange moglege variantar av "personal statements". Eit godt "personal statement" viser noko av personlegdommen til søkeren, seier kvifor han eller ho føler seg kvalifisert og motivert for jobben/studieplassen, og er tilpassa kommunikasjonssituasjonen når det gjeld språk og innhald.

Det er klare forskjellar mellom eit "personal statement" og ein søknad. Dersom desse sjangrane blir blanda saman, bør sensorane vere romslege når dei viser skjønn, spesielt i vurderinga av middels og svakare eksamenssvar.

I eit godt eksamenssvar viser eleven evne til å skrive eit "personal statement" som tek opp dei fleste av kulepunkta i vedlegg 1. Svaret er formulert på eit korrekt, variert og godt strukturert engelsk. Framstillinga er mottakarorientert – ho er klar, kortfatta og har det vesle ekstra som skil henne frå andre motivasjonsbrev.

Eit middels eksamenssvar vil oppfylle desse krava i varierende grad.

I eit svakt eksamenssvar vil fleire av kulepunkta vere utelatne. Framstillinga kan vere skjemd av dårleg språk, upassande stilnivå og dårleg tekststruktur. Kvaliteten på motivasjonsbrevet er slik at mottakaren vil leggje det til side.

## **Oppgåve 2** **Generelt**

I oppgåve 2 skal eleven svare på éi av dei fire oppgåvene. I tillegg til å gi eit situasjonstilpassa svar skal elevane vise kompetansen sin i tekstproduksjon og eventuelt også kjeldebruk. Det er venta at eleven oppgir kjeldene han eller ho har brukt. Eit godt svar må ha ei klar og logisk oppbygging, god indre samanheng og relevant innhald, i samsvar med den oppgåva eleven har valt. Svaret bør dekkje innhaldet i kulepunkta, også når det gjeld innleiing og konklusjon.

Eleven skal skrive ein tekst som er eit relevant svar på problemstillinga i oppgåva han/ho har valt, og som er tilpassa kommunikasjonssituasjonen som er oppgitt. I vurderinga skal det leggjast vekt på språkbruk, tekststruktur og relevans til problemstillinga.

Ettersom sjølvstendig bruk av ulike kjelder er ein del av kompetansemåla i læreplanen, blir også bruken av eventuelle kjelder ein del av vurderingsgrunnlaget. I år kan elevane svare på fleire av oppgåvene utan å bruke kjelder i stor grad.

Eigenproduserte tekstar kan vurderast på alle nivå. Eit eksamenssvar som er basert på klipping og liming, kan ikkje vurderast som eigenprodusert, og blir derfor vurdert til lågaste nivå.

### **Oppgåve 2a**

Eleven er bedt om å skrive "ein tekst", og da vil både sjanger og form kunne variere ein del. Teksten skal brukast i samarbeid med ein tolk og er dermed ein skriftleg presentasjon av ei tenkt munnleg framføring. Både instruksjonen og kulepunkta gjer det klart at ein ventar at eleven presenterer eit yrke, innhaldet i eit utdanningsprogram og dei kvalifikasjonane det gir. Eleven skal reflektere over positive og negative aspekt ved utdanningstilbodet.

Eit svært godt eksamenssvar byggjer på fleire velvalde eksempel på sentrale punkt i utdanningsprogrammet og relaterer dei til yrket på ein klar måte. I samband med ei vurdering av dei positive og negative sidene ved programmet viser svaret ein høg grad av innsikt, refleksjon og forståing. Strukturen er tydeleg og effektiv, og teksten blir avslutta med ein velformulert konklusjon. Språket byggjer opp under budskapet, slik at han blir formidla på ein klar og overtydande måte.

Eit middels godt eksamenssvar har dei fleste av desse eigenskapane, men kvaliteten på innhald, refleksjon og struktur er lågare og/eller ujamn og språket noko mindre idiomatisk.

Svake eksamenssvar er atskillig meir ujamne og mangelfulle når det gjeld innhald og refleksjon. Strukturen er gjerne tilfeldig og utydeleg. Språket kommuniserer trass i fleire grunnleggjande problem.

### **Oppgåve 2b**

Eleven er bedt om å skrive "ein tekst", og da vil både sjanger og form kunne variere ein del. I eit svært godt svar klarer eleven å leggje fram stoffet på ein strukturert og lesarvennleg måte. Eleven skil klart mellom formelle krav til kvalifikasjonar og personlege eigenskapar som er nødvendige for å utøve yrket. Eksempla er velvalde og overtydande, og teksten blir avslutta med ein logisk, velformulert konklusjon. Språk, innhald og struktur byggjer opp under budskapet, slik at han blir formidla på ein overtydande måte.

Eit middels godt eksamenssvar byggjer ofte på mindre velvalde og mindre overtydande eksempel, og det er prega av beskriving og mindre refleksjon. Framstillinga er mindre nyansert, strukturen er uklar, og budskapet kjem ikkje like tydeleg fram. Språket kommuniserer godt, men det kan vere ein del feil.

Eit svakt eksamenssvar har ofte få, dårlege eller lite relevante eksempel og er prega av mangelfull eller overflattisk refleksjon. Svake eksamenssvar er ofte prega av lite idiomatisk engelsk, tilfeldig struktur og/eller ein uklar budskap.

### **Oppgåve 2c**

Denne oppgåva ber om ein artikkel, og det må vere samanheng mellom tittel og tekst. I eit svært godt svar viser eleven refleksjon og ei grundig forståing av

situasjonen til høyrselshemma og dei utfordringane dei møter når dei skal søkje arbeid. Eleven må vise at han eller ho forstår omgrepet "Audism" og kan setje ord på kva det inneber av diskriminering, gjerne ved å gi relevante eksempel. Eleven skal også kunne diskutere begge sider ved det å tilsetje høyrselshemma i arbeid, og dermed vise ei moden haldning. Sensor må vere open for at det kan vere ulike meiningar om kva som er ulemper og fordelar. Det er uansett eit krav at eleven grunngir synspunkta på ein fullgod måte. Konklusjonen er med på å avrunde teksten på ein effektiv måte.

Eit middels godt eksamenssvar har dei fleste av desse eigenskapane, men teksten viser mindre innsikt og refleksjon. Samanhengen og flyten kan også vere meir varierende, og språket er noko mindre idiomatisk.

Svake eksamenssvar er ofte prega av mangelfullt, overflatisk eller einseitig innhald, tilfeldig struktur og av lite idiomatisk engelsk.

### **Oppgåve 2d**

Denne oppgåva ber om ein biografisk tekst som framstiller livshistoria til Sir William Perkins på ein samanhengande måte, og som får fram viktig informasjon frå diktet. Eit svært godt svar har ei innleiing som lagar ei ramme for teksten, og eleven har makta å byggje ut punkta i diktet til ein interessant tekst som er prega av samanheng og flyt i framstillinga. Spesifikke punkt frå diktet bør sjølvstøtt vere med, men det er ingenting i vegen for at eleven også bruker fantasien litt. Språk, innhald og struktur byggjer opp under teksten, som gir ei framstilling av Sir William som det er verd å lese. Originale og kreative løysingar bør honorerast.

Eit middels godt svar byggjer ofte på færre og mindre overtydande detaljar, og strukturen er noko uklar. Språket kommuniserer godt, men det kan vere ein del formelle feil.

Eit svakt eksamenssvar er prega av ufullstendig og/eller irrelevant innhald. Språket er lite idiomatisk og strukturen tilfeldig.

Generell vurderingsrettleiing ENG1002/ENG1003 og ENG1005/ENG1006 våren 2011

Nivå	1	2 Eleven kan	3-4 Eleven kan	5-6 Eleven kan
Kultur, samfunn og litteratur	Lavere kompetanse enn nivå 2.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• svare på oppgåva på ein delvis relevant måte</li> <li>• presentere ein bodskap</li> <li>• presentere eit emne</li> <li>• bruke innhald frå ulike kjelder</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• svare på oppgåva på ein relevant måte</li> <li>• presentere ein bodskap på ein sjølvstendig og stort sett tydeleg måte</li> <li>• gjere greie for og drøfte eit emne</li> <li>• bruke innhald frå ulike kjelder på ein sjølvstendig og ansvarleg måte</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• svare på oppgåva på ein utfyllande og relevant måte</li> <li>• presentere ein bodskap på ein sjølvstendig, reflektert og tydeleg måte</li> <li>• gjere greie for og drøfte eit emne på ein utfyllande måte</li> <li>• bruke relevant innhald frå ulike kjelder på ein sjølvstendig, kritisk og ansvarleg måte</li> </ul>
Tekststruktur	Lavere kompetanse enn nivå 2.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• skrive ein enkel tekst</li> <li>• bruke tekstbinding</li> <li>• bruke avsnitt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• skrive ein tekst som er tilpassa kommunikasjons-situasjonen</li> <li>• skrive ein samanhengande tekst med riktig bruk av avsnitt</li> <li>• skrive ein tekst med ei viss oppbygging og ein viss flyt</li> <li>• lage samheng i ein tekst ved hjelp av enkel tekstbinding</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• skrive ein tekst som er godt tilpassa kommunikasjons-situasjonen</li> <li>• skrive ein tekst med ein klar og formålstenleg struktur</li> <li>• skrive ein tekst med logisk oppbygging og god flyt</li> <li>• bruke ulike former for tekstbinding</li> </ul>
Språk	Lavere kompetanse enn nivå 2.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke eit enkelt ordforråd</li> <li>• bruke delar av det grunnleggjande formverket i språket</li> <li>• lage enkle setningar</li> <li>• skrive forståeleg trass i sviktande ortografi og teiknsetjing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke eit breitt ordforråd</li> <li>• bruke det grunnleggjande formverket i språket</li> <li>• variere setningsbyggingen</li> <li>• bruke rimeleg korrekt ortografi og teiknsetjing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke eit breitt og relevant ordforråd</li> <li>• bruke formverket i språket på ein korrekt og idiomatisk måte</li> <li>• bruke ulike setningstypar og -strukturar på ein formålstenleg måte</li> <li>• bruke korrekt ortografi og teiknsetjing</li> </ul>

Vurderingsskjema, ENG1005 / ENG1006

Skole: \_\_\_\_\_ Eks. nr.: \_\_\_\_\_ Karakter: \_\_\_\_\_

Kompetansenivå		1	2	3-4	5-6	Grunngiving
Kultur, samfunn og litteratur	Innhald					
	Tekststruktur					
Skriftleg kommunikasjon	Språk					
	Samla kompetanse og ytterlegare kommentarar					